



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 16.09.2009
Møtetid: 13:00 - 19.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Alle medlemmene møtte

Sture Tveit fekk permisjon og forlet møtet kl 16.30 , dvs. før sak 33/09 vart handsama.
Varamedlem Roy Vegard Hope møtte i hans stad.
Sven Tore Kulleseid møtte som varamedlem i sak 41/09 i samband med ugildskap for Sigmund Dyrhovden.

Andre som var til stades på møtet:

Ordførar, rådmann og leiar av teknisk eining
BKK Nett v. Eidsem møtte under handsaming av sak 41/09

Merknader:

Før møtet vart formelt sett var utvalet på synfaring på Gaupholm i samband med sak 32/09.

Orienteringar/meldingar:	
Dokument utlevert i møtet:	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24.09.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
031/09	09/497	Faste saker	
032/09	09/267	Byggjesak naust gnr 44, bnr 27,28	
033/09	09/174	Endring av reguleringsplan Ytre Tysse	
034/09	09/137	Bygging av bryggja ved sjøen gnr 43/161	
035/09	09/339	Byggjesak naust m.m.gnr. 27,97	
036/09	09/340	Bygging av naust gnr 22/27	
037/09	09/214	Delingssak Gnr 32 bnr. 6	
038/09	09/347	Delingssak gnr 33, bnr 6.	
039/09	09/377	Busslomme i Eikedalen	
040/09	09/210	Privatisering av vegar. Klargjering av kva kriteria som skal vektleggjast for at ein veg skal vera kommunal	
041/09	09/14	Kraftledning Samnanger - Vaksdal	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker Naturutvalet vert innbydd til drøftingar i tilknytning til <ul style="list-style-type: none">- notat om vassverket i Rolvsvåg- planarbeid knytt til teknisk eining <ul style="list-style-type: none">• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 031/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møtet vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Leiaren viste til at ho hadde motteke **sakene seint**, fredag ettermiddag. Dette er to dagar for seint i høve til reglementet. Ho etterlyste årsakene til dette.

Rådmannen beklaga dette og viser til generelt høgt arbeidspress og noko sjukefråvære i dagane før utsending. Denne situasjonen har me diverre vore i tidlegare og det har gjorta at ein internt i organisasjonen har sett interne fristar som er tidlegare enn før, og det er å vona at det vil gjera at me i framtida klarer å halda fristane for utsending.

Det vart og drøfta om ein kan senda ut innkalling med dei sakene som er ferdige innan fristen og ettersende dei sakene som ikkje var ferdig. Det var ulik oppfatning om kor ønskjeleg det var.

Debatten vart avslutta utan at det var trekt konklusjon.

Notat om vassverket i Rolvsvåg

Notat var sendt ut på førehand. Einingsleiar orienterte om situasjonen. Det vart peika på kva alternative løysingar som finst. Naturutvalet ba om at administrasjonen fekk ordna opp i problema, om naudsynt søkjer om tilleggsløyving.

Planarbeid knytt til teknisk eining

Notatet vart gjennomgått av administrasjonen. I debatten i naturutvalet vart det fokusert først og fremst på gjennomføring av strandsonenplanen. Det vart konkludert med at strandsonenplan skal prioriterast, og sidan det enda vil gå tid før ny planleggjar er på plass må den gjennomførast ved leige av konsulent. Prioritering av dei andre planoppgåvene vil ein koma attende til, men tiltak for å gjennomført planarbeid bør prioriterast i budsjett 2010.

Utvalet sitt kvarter:

Gunnar Bruvik etterlyste vedlikehald av grøfter langs kommunale vegar.

Han viste vidare til at trafikken gjennom Ytre Tysse er stor og aukande. Det vert både fleire bilar og bilane vert tyngre og lengre. Det skapar store problem for bebuarar og næringsdrivande. Kan kommunen gjera noko?

Einingsleiar for teknisk informerte fylgjande:

Grøftereinsk er ei utfordring, og det er klart at det også her kunne vore gjort mykje meir. I 2009-budsjettet vart vedlikehald av bygningar prioritert med meir midlar enn vanleg. I tillegg kom det og ekstra midlar frå staten til vedlikehald (krisepakka). Mykje av dette arbeidet er føresett utført av eigne tilsette, og sjølv der arbeidet er sett bort krev det innsats frå eigne folk. Det gjer at andre område vert skadelidande. Det vert jobba med å få fram ein vedlikehaldsplan som m.a. vil seia noko om hyppigheit av greftereinsk m.m.

Det har vore kontakt med vegvesenet om trafikksikring på Ytre Tysse fleire gongar.

Spørsmåla har gått på trafiikkteljing, etablering av fartshumpar og nedsett fartsgrense. I

tillegg har me bedt politiet om å foreta kontrollar. Så langt har det skjedd lite i så måte, men me har fortsett ein dialog.

Sture Tveit viste til vedtak om piggråd. Det er enda fleire stader der piggråden ikkje er fjerna. Korleis kan me handtera dette?

Det vart konkludert at me gjennom Samningen går ut med informasjon om vedtaket. Me bør oppfordra lesarane til å koma med tilbakemelding på stader der det fortsett er piggråd. Me kan då tilskriva desse grunneigarane i ettertid.

Det er etablert fleire skogsvegar på Høysæter det siste året. Administrasjonen vert bedt om å sjekke ut kva vedtak som er fatta.

Tveit viste til endringar i lovverket og etterspurde kurs for naturutvalet. Leiar og rådmann har vurdert dette i forkant av møtet, og det er konkludert med at det vert prioritert kursing i bygningsdelen av lova. Kurs vert tilbydd når kommunen mottok tilbod.

Tveit gjorde merksam på at kommunen ved ein feil har sendt inn til fylkesmannen ei sak om frådeling på Tveit der utvalet fatta positivt vedtak. Når det ikkje føreligg klage på vedtak, er saka avgjort i kommunen.

Olaug Øystese etterspurde om utbygginga av Eikedalen hyttetun er i samsvar med vedteken plan. Ho er særleg uroa for vegbygginga. Administrasjonen vil sjekke arbeidet som er gjort i feltet i høve til vedteken plan og melde dette attende til utvalet.

Sigmund Dyrhovden viste til diskusjon i lokalavisa i nabokommunen om jakt på reinsstamma i fjellområda Voss, Vaksdal, Kvam. Her er også Samnanger nemnd. Viltneimnda vert gjort merksam på saka.

NAT-031/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med merknad om at innkallinga for framtida må koma ut tidlegare. Jmf. reglement.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering. Administrasjonen fremjar evt. søknad om ekstra midlar til vassforsyninga i Rolvsvåg. Administrasjonen engasjerer konsulent til å vidareføra arbeidet med strandsoneplan. Vidare prioritering av planoppgåvene vil naturutvalet evt. koma attende til.

Saknr. 032/09

BYGGJESAK NAUST GNR 44, BNR 27,28

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå planføresegnene til å byggja naust med breidde 7 m.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.44 Bnr.27 på Gaupholm i Samnanger Kommune.

Byggjeløyve er gjeve i samsvar med søknad av 28.05.09.

Plasseringa skal avklarast med Teknisk eining.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring på staden.
Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-032/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå planføresegnene til å byggja naust med breidde 7 m.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.44 Bnr.27 på Gaupholm i Samnanger Kommune.
Byggjeløyve er gjeve i samsvar med søknad av 28.05.09.
Plasseringa skal avklarast med Teknisk eining.

Saknr. 033/09

ENDRING AV REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Ytre Tysse med føresegner til denne begge dagsett 9. september 2009 blir vedteken.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Etter at saka var skreve har det kome melding frå Hordaland fylkeskommune v. fylkeskonservatoren om at dei gjennom registreringsarbeid på Ytre Tysse har påvist 3 automatisk freda kulturminne i reguleringsplanområdet. Dei ber om at det i vedtaket vert teke omsyn til dei automatisk freda kulturminna i planområdet, og at dei vert innarbeida i plankartet.

Dei ber vidare om at områda vert regulert til landbruk kombinert med spesialområde vern. Det må knytast føresegner til spesialområde vern der det går fram at det *i dette området ikkje kan utførast noko arealinngrep. Det må heller ikkje pløyast eller gjerast anna jordarbeid djupare enn tidlegare (jf. Kulturminneloven § 3).*

Administrasjonen har fått innarbeidd desse tre områda i plankartet dagsett 15.09.09.
Reguleringsføresegnene er tilsvarande retta opp.

Rådmannen trekte attende framlegget sitt og sette fram slikt nytt framlegg:

1. Framlegg til reguleringsplan for Ytre Tysse med føresegner begge dagsett 15. september 2009 vert vedtekne.
2. Planen vert lagt ut til off. gjennomsyn/til høyring i seks veker.
3. Planutvalet føreset at dersom det ikkje kjem vesentlege merknader til retta plan med suppleringar av føresegner gjeld dette som reguleringsvedtak i samsvar med tidlegare plan- og bygningslov §27 –2.

Nytt framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT-033/09 Vedtak:

1. Framlegg til reguleringsplan for Ytre Tysse med føresegner begge dagsett 15. september 2009 vert vedtekne.

2. Planen vert lagt ut til off. gjennomsyn/til høyring i seks veker.

3. Planutvalet føreset at dersom det ikkje kjem vesentlege merknader til retta plan med suppleringar av føresegner gjeld dette som reguleringsvedtak i samsvar med tidlegare plan- og bygningslov §27 –2.

Saknr. 034/09

BYGGING AV BRYGGJA VED SJØEN GNR 43/161

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for trebryggje på Gnr.43 Bnr.161 på Ytre Tysse.

Bryggja skal plasserast inn til betongmur og molo på Gnr,43 Bnr. 45, som allereie er etablert.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

NAT-034/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for trebryggje på Gnr.43 Bnr.161 på Ytre Tysse.

Bryggja skal plasserast inn til betongmur og molo på Gnr,43 Bnr. 45, som allereie er etablert.

Saknr. 035/09

BYGGJESAK NAUST M.M.GNR. 27,97

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrænse frå sjø på 25 meter for å byggje naust.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr,27 bnr. 97 på Tysse.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

NAT-035/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrænse frå sjø på 25 meter for å byggje naust.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr,27 bnr. 97 på Tysse.

Saknr. 036/09

BYGGING AV NAUST GNR 22/27

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av naust i LNF område på Gnr 22 Bnr. 27 på Lauvskar.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr.22 Bnr.27 på Lauvskar.

Pål Oldervoll får ansvarsrett for gjennomføring av prosjektet.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese sette fram vedtak om at saka vart utsett til neste møte.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst.

NAT-036/09 Vedtak:

Saka vert utsett.

Saknr. 037/09

DELINGSSAK GNR 32 BNR. 6

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i §63 og 20-4 i plan og bygningslova vert det ikkje gjeve delingsløyve for fritidseigedom.

Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve delingsløyve.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

NAT-037/09 Vedtak:

Med heimel i §7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i §63 og 20-4 i plan og bygningslova vert det ikkje gjeve delingsløyve for fritidseigedom.

Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve delingsløyve.

Saknr. 038/09

DELINGSSAK GNR 33, BNR 6.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling av eigedomen.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 20-4 vert det ikkje gjeve delingsløyve for 2 parsellar på gnr.33 Bnr.6.

Tilleggsparcellen til gnr/bnr 33/117 kan ikkje delast frå etter jordlova §12.

Biloppstillingsplass for gnr/bnr 33/42 kan delast frå etter jordlova §12.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-038/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling av eigedomen.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 20-4 vert det ikkje gjeve delingsløyve for 2 parsellar på gnr.33 Bnr.6.

Tilleggsparsellen til gnr/bnr 33/117 kan ikkje delast frå etter jordlova §12.

Biloppstillingsplass for gnr/bnr 33/42 kan delast frå etter jordlova §12.

Saknr. 039/09

BUSSLOMME I EIKEDALEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for å kunna etablera busslomme i Eikedal. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med søknad av 02.07.09.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-039/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for å kunna etablera busslomme i Eikedal. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med søknad av 02.07.09.

Saknr. 040/09

PRIVATISERING AV VEGAR. KLARGJERING AV KVA KRITERIA SOM SKAL VEKTLGGJAST FOR AT EIN VEG SKAL VERA KOMMUNAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg om at saka vert utsett til neste møte.

NAT-040/09 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Saknr. 041/09**KRAFTLEDNING SAMNANGER - VAKSDAL****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ser helst ikkje at det kjem linjer i det omsøkte området sidan det er eit av få gjenverande område i kommunen som ikkje har tekniske inngrep.

Dersom det likevel skal etablerast ny linje, må den leggjast etter alternativ 2, jmf. skriv frå BKK Nett dagsett 04.09.09. Me føreset då ein tett dialog mellom BKK Nett og grunneigarar og kommune i det vidare planarbeidet.

16.09.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden som er grunneigar i området ba om å få vera ugild ved handsaminga av saka. Utvalet vedtok samrøystes at han var ugild. Varamedlem Sven Tore Kulleseid tok del i handsaminga av denne saka.

Bjørn Sævild sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ny linje frå Grønsdal i Samnanger til Boge i Vaksdal vert etablert etter alternativ 2, jmf. skriv frå BKK Nett dagsett 04.09.09. Me føreset ein tett dialog mellom BKK Nett og grunneigarar og kommune i det vidare planarbeidet.

Framlegget frå Sævild vart samrøystes vedteke.

NAT-041/09 Vedtak:

Ny linje frå Grønsdal i Samnanger til Boge i Vaksdal vert etablert etter alternativ 2, jmf. skriv frå BKK Nett dagsett 04.09.09. Me føreset ein tett dialog mellom BKK Nett og grunneigarar og kommune i det vidare planarbeidet.

